

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Innleiing

2018 har vært det første ordinære driftsåret for fakultet for helse- og sosialvitenskap, dei tre institutta og dei 18 fagseksjonane.

I 2018 kom òg fakultetsadministrasjonen på plass og våren 2019 er administrative medarbeidarar innplassert og tilsett.

Denne rapporten baserer seg på ei omtale og vurdering av **tiltak og prioriteringar i fakultetet sin årsplan for 2018. Rapporten er derfor ikkje utfyllande.**

I 2018 hadde verken HVL eller FHS egne strategiar. Prioriteringane og tiltaka i årsplanen baserte seg derfor på verksemdsmåla til HVL med base i fusjonsavtala. Frå og med 2019 vil årsplanen til fakultetet basere seg på mål og delmål i vedteken i strategi.

Avslutningsvis gir rapporten ei oversikt på resultat nokre av dei nasjonale styringsparametrane og måleparameter frå utviklingsavtala med KD. I og med at 2018 er det første driftsåret for fakultetet så er det ikkje muleg å hente samanliknbare tal for tidlegare år. Det vil bli arbeida vidare med desse parametrane på både institusjons- og fakultetsnivå i tida framover.

Om FHS

- Omkring 4600 studentar
- Omkring 400 tilsette (årsverk)
- Utdannings- og FOU aktivitet på fem campus
- Tre institutt:
 - *Institutt for helse- og omsorgsvitenskap (IHO)*
 - *Institutt for velferd og deltaking (IVD)*
 - *Institutt for helse og funksjon (IHF)*



HVL skal vere ein samla organisasjon

I årsplanen for 2018 har FHS hatt fokus på følgjande prioriteringar og tiltak

Implementere og konsolidere fagleg og administrativ organisasjonsstruktur og legge til rette for samarbeid og gode møteplassar mellom leiarar og tilsette.

Den faglege organisasjonsstrukturen vert etablert frå og med 1.1.18, og etter nokre overgangsordningar var alle leiarar i funksjon frå hausten 2018. Alle fagtilsette skal ha nærleik til næraste leiar. Det er oppretta ein struktur for personalmøter på fagseksjons- og instituttnivå.

Gjennom 2018 har ny og gammal administrativ organisasjon fungert parallelt, og ein har tilstreba oppfølging av administrativt tilsette på alle campus. Administrasjonssjef og studieadministrativ leiar har vektlagt å gjere seg kjent med tilsette på ulike campus etter at dei byrja i sine stillingar hausten 2018.

For å følge opp høgskulestyret sitt vedtak om kriterier for forskingssenter blei det hausten 2018 sett i gang eit arbeid med å evaluere og organisere senteraktiviteten i FHS. Leiarane for [Senter for omsorgsforskning, vest](#), [Senter for kunnskapsbasert praksis](#), [Senter for helseforskning](#), [SimArena](#) og [FOUSAM](#) har vært involvert i gruppa som har jobba med dette. Arbeidet var framleis i prosess ved årsskifte.

Fremme kultur og arbeidsmiljø gjennom gode møtepassar

FHS arrangerte i 2018 tre utvida leiarsamlingar (med vel 30 leiarar)

- 12-13.mars på Solstrand med fokus på oppbygging av fakultet, studieprogramutvikling, undervisning og læring, forskning og internasjonaliseringsarbeidet
 - 11-12.juni i Haugesund med fokus på fakultetsbygging, leiing i fakultetet, årsplan og strategiutvikling og korleis bygge gode system for medverknad av studentar og tilsette i fakultetet
 - 16-17. oktober i Førde med fokus på bygging av fakultetet, leiing av FoU, forholdet mellom administrasjon og fag, budsjett og økonomistyring og kompetanseplanlegging
- 7.november arrangerte FHS utdanningsseminar i Bergen med over 100 deltakarar og 20 tilsette som delte eksempel og reflekterte og diskuterte kring sin undervisningspraksis.

I samband med utvida leiarsamling i Førde arrangerte administrasjonssjef og studieadministrativ leiar ei samling for administrativt tilsette knytt til fakultetet. Samlinga la vekt på det å bli kjent på tvers av campus og funksjonar.

Det har vore arrangert tre Forskarforum med alle forskargruppeleiarar, professorar og dosentar, og eit der og alle fagseksjonsleiarane deltok. På desse møta har der vore gode diskusjonar og gruppe-arbeid om bl.a. samarbeid og kommunikasjon mellom utdanning og forskning.

Alle institutta har arrangert samlingar for alle tilsette med fagleg og sosialt innhald.

Hausten 2018 planla vi ei to dagars [fakultetssamling 13-14.februar 2019](#) i Bergen med fokus på kunnskap, kultur og danning. Det faglege programmet var først og fremst planlagt og basert på egne krefter med mange spanande føredrag. Over 300 tilsette deltok på samlinga. I tillegg blei mange tilsette markert for lang og tru teneste i høgskulen.

Utvikle ein strategi for fakultetet

Strategien for FHS vart ferdigstilt i desember 2018.

I mai vart det arrangert strategimøter på alle campus der også eksterne ressurspersonar var invitert for å kome med innspel.

Forslag til strategi vart sendt på høyring i fakultetet og til eit utval eksterne samarbeidspartnarar i august 2018.

Alle høyringsinnspela er samla og vurdert i [dokumentet](#). Heile strategien finn du [her](#)

Jobbe med å auke den digitale kompetansen hjå dei tilsette og ta i ny bruk ny teknologi i dagleg arbeid

Det er gjennomført opplæring og gitt omfattande brukarstøtte i samband med overgang frå it's learning til Canvas. Teams blei tatt i bruk ved fleire einingar hausten 2018. Det er likevel ein generell svakhet i organisasjonen at nye system blir innført utan målretta opplæring. Det er behov for å sette dette meir på dagsorden i 2019.



HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet

I årsplanen for 2018 har FHS hatt fokus på følgjande prioriteringar og tiltak

Vere ein aktiv part i samarbeid om utvikling av dagens studietilbod med spesialisthelsetenesta (Helse-Bergen, Helse-Førde, Helse-Fonna og Helse-Vest) og med kommunehelsetenesta og sosialetenester i våre nærregionar

- Gjennom samarbeidsmøter
- Gjennom samarbeidsprosjekt initiert av leiing på aktuelle institusjonar

FHS har generelt eit godt samarbeid med dei tenestene vi utdannar kandidatar til. Samarbeidsmøter har vore gjennomført etter struktur knytt til samarbeidsavtaler med dei tidlegare utdanningsinstitusjonane. I Bergen har det også vore gjennomført samarbeidsmøter med kommunen og helseføretak. I desse samarbeidsmøta er også VID og Haraldsplass Diakonale sjukehus partar. I tillegg har dekan og instituttleiingar vore i møte med byråd for helse og sosial i Bergen og der utdanningsbehov var tematisert. Det har i 2018 vore særlege utfordringar knytt til at UiS etablerer jordmorutdanning. Vi ser også ein tendens til at helseføretaka ynskjer vektlegging av tilbod på vidareutdanningsnivå medan kommunane er meir positive til masterutdanningar.

Oppdatere avtaleportefølja med helseføretaka og kommunar

- Kartlegge og revidere nåverande avtalar
- Inngå nye samarbeidsavtalar der det er naudsynt
- Drøfte alternative løp for delte stillingar

Eksisterande samarbeidsavtaler er kartlagt gjennom 2018 og arbeidet med å revidere avtaler må halde fram gjennom 2019. Det bør òg utgreiast om vi bør ha samarbeidsavtaler med alle vertskommunane til våre fem campus, og også sjå dette i samanheng med framtidig kommunesamanslåing. Uansett seier ny forskrift for helse- og sosialfagutdanningar at det frå 2020 skal utarbeidast samarbeidsavtaler om praksisstudiar i kommunar.

Diskusjonen og vidare arbeid med delte stillingar er pågåande.

Delta i klyngesamarbeid Alrek Helseklynge

Arbeidet med Alrek Helseklynge byrjar å ta form og FHS er aktivt med i arbeidsgruppa. Her deltek dekan med senterleiar ved senter for omsorgsforskning, vest (SOF, vest) som vara.

FHS er vidare representert i brukargruppa og fleire faggrupper som er etablert for å utvikle satsingar i klynga. Faggruppene har møter fleire gongar i året. FHS har hatt god deltaking på frukostmøtene til Alrek helseklynge. Vi fornya



avtalen knytt til TVEPS¹ i 2018 og dei fleste bachelorstudentar og mange tilsette ved Campus Bergen er engasjert her. Arbeidet med TVEPS er kopla til Alrek helseklynge.

Greie ut eventuell igangsetting av fleire desentraliserte utdanningar i dialog med interessentar i praksisfeltet

FHS har hatt dialog med mange ulike kommunar i Sogn og Fjordane, Hordaland og på Haugalandet knytt til utvikling av nye desentraliserte tilbod innan vernepleie og sjukepleie. Det er stor etterspørsel etter desentraliserte deltidstilbod innan desse to utdanningane.

Vidare har fakultetet bedt om at HVL søker Kunnskapsdepartementet om finansiering av 22 studieplassar for etablering av to nye desentraliserte deltidstilbod i sjukepleie og i vernepleie frå og med studieåret 2020/2021. Fakultetet har i dag 70 studieplassar på desentralisert sjukepleie i Bergen. Fakultetet vil i 2019 tilby nokre av desse studieplassane i Haugesund og Førde.



¹ <https://www.uib.no/tveps>

HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FoU-miljø som støttar opp under universitetsambisjonen

I årsplanen for 2018 har FHS hatt fokus på følgjande prioriteringar og tiltak

Utarbeide konkurransedyktige søknadar til institusjonelle stipend og Ph.d.-heimlar

I august 2018 lyste FHS ut tre ledige KD-stipendiatstillingar. Heile 24 prosjekt-søknadar konkurrerte om desse og vart evaluert av ein ekstern komité. Dei tre med flest poeng vart tildelt kvar sin stipendiat i første omgang. Sidan avgjersla først skjer i januar 2019, kunne også dei neste tre prosjekta få tildeling. Desse vert lyst ut i februar 2019

Målrette ressursar til FoU aktivitet som kan bidra til auke i eksternt finansierte midlar

- Fleire rekrutteringsstillingar
- Målrette bruken av rekrutteringsstillingar inn mot vårt eige Ph.d- program

Som ledd i å auka tal på rekrutterings-stillingar trengs det fleir søknader som vert sendt eksternt. I 2018 fekk tre prosjekt høg evaluering hos NFR, men inga tildeling. Fleire sendte søknader til Extrastiftelsen, men berre ein fekk tildeling. Både FoU-utvalet, forskar-gruppeleiarane og leiinga ser at det i 2019 kan vera eit godt tiltak å prioritera dei som har sendt og fått god vurdering eksternt i tildeling av nye Ph.D.-stipend. Dette kan verta aktuelt når fleire stipendiatstillingar vert ledig. Det er ei føresetnad at alle våre nye stipendiatar søkjer FHS sitt Ph.D.-program. Alle forskargruppeleiarane har vore orientert om framtidig prioritering og blitt oppfordra til å søkja NFR-stipend 10. april 2019.


Legge til rette for gode møteplassar og tett samhandling mellom forskningsavdelinga, økonomiavdelinga og fakultetsadministrasjonen for å styrke arbeidet med eksternt finansiering

Først i desember 2018 var HVL klar med innplasseringa av alle administrativt tilsette i nye stillingar. Den nye organisasjonen ble verksam frå 1. januar 2019. Etter vedtak om innplasseringa var det eit tal administrative stillingar i bemanningsplanane som vart ståande utan tilsette. Desse stillingane blei lyst ut og er i byrjinga av 2019 i prosess. I 2018 har fokuset vært på å ha mellombelse ordningar for å løyse oppgåver. Forsinka innplassering av medarbeidarar har ført til at HVL ikkje har ein ferdig utvikla administrativ organisasjon. I tida framover skal oppgåve og ansvar fordelast mellom medarbeidarane og det skal etablerast gode møteplassar og tett samhandling mellom fakulteta og felles einingane. Det skal også etablerast faggrupper, arbeidsgrupper internt i einingane og på tvers av einingane. Dette vil på sikt gje oss ein styrking av område som tildøme eksternt finansiering og økonomistyring.

Forberede igangsetting av ph.d.-utdanninga Helse, funksjon og deltaking

Søknad om akkreditering av Ph.D. programmet helse, funksjon og deltaking vart sendt til NOKUT i november 2017. Besøk frå NOKUT med intervju av tilsette kom i juni 2018.

Positiv innstilling kom i november 2018, berre med nokre få innvendingar som vert svara på frå FHS. Fakultet er no klar til å setja i gang med opptak og emnekurs utpå våren 2019. Dette er ein særskild viktig milepæl for HVL og FHS.



Rekruttere ny-tilsette med forskarkompetanse

IHO arbeider kontinuerleg med dette saman med fagseksjonsleiarane og HR/fakultetsadministrasjon. Nokre fagseksjonar har betre tilgang på søkarar med forskarkompetanse enn andre.

IHF lyser ut etter førstekompetanse, men innan profesjonsfaga er det sjeldan fullt kvalifisert søkjarar. Instituttet har lukkast med å få søkjarar som er i kvalifiseringsløp. Å rekruttere tilsette med forskarkompetanse er alltid prioritert i tilsetjingsprosessar.

IVD lukkast i å rekruttere førstekompetanse med profesjonsbakgrunn innanfor sosialt arbeid, men det er vesentleg vanskelegare innanfor dei to andre profesjonsstudiane.

Utarbeide kompetanseplanar for alle tilsette

Kompetanseutvikling er tema i medarbeidarsamtalar, og gjennom desse får leinga ein første kartlegging av planar og ynskjer. Utover dette har det ikkje blitt jobba meir systematisk med kompetanseplanar, men dette eit viktig arbeid som må takast opp att når den administrative innplasseringa er på plass.

Utgreie incentiv for kompetanseutvikling og publiseringsstøtte for tilsette med førstekompetanse

Fagleg tilsette i minimum 50% stilling ved FHS leverte til saman 182 søknader om FoU-tid for 2018-19 og rapporterte for anvendt forskningstid for 2017-18 i mars.

Det var ein stor overvekt høgskulelektorar som søkte om tid til FoU-arbeid (49%), medan førstelektorar og førsteamanuensisar stod for 19% og 32%. Av totalt tildelt FoU-tid fekk

professorar og dosentar 24% av tida basert på rapportering utan søknad. Førsteamanuensis fekk 26%, førstelektorane 16% og høgskulelektorane 34% av potten med FoU-tid.

Publiseringsstøtte vert gjeven frå biblioteket, medan fagsesjonsleiarane har innvilga utgifter til språkvask i dei tilfella der det har vore nødvendig.

Arbeidet med incentivordningar må vidareførast i 2019.

Utvikle tiltak som kan styrke og utvikle internasjonalt samarbeid gjennom eksisterande og planlagte forskingsprosjekt.

I informasjon til tilsette og gjennom m.a. evaluering av og rapportering frå Forskargrupper har FHS understreka at det er viktig med internasjonalt samarbeid. Det har blitt utarbeida ei oversikt over bilaterale studentutvekslings- avtaler og forskningssamarbeid. Prodekan for forskning har ved fleire høve møtt besøkjande frå utanlandske samarbeidsinstitusjonar når dei har vitja HVL. Fleire forskingsprosjekt både i senter og institutt har knytt til seg II-stillingar eller gjesteforskarar gjennom nye avtaler om engasjement eller fornying av eksisterande avtaler.

Arrangere forskingsgruppeleiersamlingar minst ein gong pr.semester

Vi har arrangert Forskarforum 5. april og 13. september og 11. desember 2018.

Den 11. desember var og fagseksjonsleiarane med, og kring 55 deltakarar var påmeldt. I tillegg har prodekan for forskning vitja alle forskargruppene på alle campus, enkeltvis eller samla med deltakarar frå fleire grupper. Det har då gjerne vore arrangert kortare forskingsseminar.

Presentere aktive forskingsprosjekt for minst ei studentgruppe

Fleire frå forskargruppene har presentert forskingsprosjekt for studentar, gjerne i samband med rekruttering av studentar til pågåande prosjekt.

Invitere studentar med på interne forskingskonferansar/seminar

Fleire av forskingsgruppene gjer alt dette, men dette er nok eit tiltak som det må arbeidast meir med i 2019.

Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute

I årsplanen for 2018 har FHS hatt fokus på følgjande prioriteringar og tiltak

Legge til rette for å byggje internasjonale forskingsnettverk og etablere samarbeid om forskingsprosjekt. Mellom anna ved å oppmode tilsette til å:

- søkje på interne og eksterne internasjonaliseringsstipend og forskaropphald ved utanlandske institusjonar
- delta på internasjonale konferansar med paper.

FHS vart partnar i The Baltic Sea Research Network saman med 8 andre land i 2018: Finland (univ. i Turku), Sverige (Karolinska), Danmark (Syddanske), Litauen (Vilnius + Klaipeda), Latvia (Riga), Estland (Tartu), Tyskland (Lubeck), Polen (Gdansk). FHS har vore representert på møter med desse, samt på ein årleg sommarskule for Ph.D.-stipendiatar på tre dagar som vert arrangert kvar juni. FHS har vore med på å skrive ein forskings-søknad om EEA-midlar saman med dei tre baltiske landa. Deltakarar frå nesten alle forskargruppene har delteke på internasjonale konferansar med paper i 2018.

Overvake søknadsmogelegheter innanfor EU og Horisont 2020 med relevans for Ph.d. programmet innan helse, funksjon og deltaking

Forskningsadministrasjonen ved HVL informerer regelmessig om aktuelle stipend, og liknande. Dette vert vidareformidla til forskargruppe-leiarane som igjen formidla til sine medlemmer. Prodekan for forskning har ved fleire høve deltatt på relevante seminar og skrev referat derfrå som vert vidareformidla.

Hausten 2018 starta FHS Det treårige Erasmus+-prosjektet, med navnet PREP ([Physiotherapy and Refugees Education Project](#)), tildelt tre millionar kroner frå. EU. Prosjektet blir leia av HVL samen med anerkjente fagmiljø frå Karolinska Institutet i Sverige, Duke University i USA, HAN University of Applied Sciences i Nederland, Trinity College i Irland og Senter for migrasjonshelse ved Bergen kommune. Sunnås sykehus bidrar også.



Foto: Elin Espe Stensvand



Elise Adeleine Løvereide
Førstekonsulent
Kommunikasjon

Publisert 11.01.19 - 11:15

Endra 18.01.19 - 09:27

Nå skal fysioterapeuter få økt kunnskap om flyktninger

Fysioterapeuter mangler god nok kompetanse på flyktnings behov. I september startet et nytt internasjonalt utdanningsprosjekt ved Høgskulen på Vestlandet som skal øke kompetansen på hvordan denne pasientgruppen bør møtes.

Senter for omsorgsforskning, vest har i tillegg fått Erasmus + midlar til å etablere eit fleirfagleg europeisk nettverk; «EISEN – European Implementation Science Education Network». Dette gir nye mulegheiter for forskerar innanfor omsorg- og primærhelseteneste. Nettverket skal

etablere ny kunnskap som kan vere til nytte i utviklinga av tenester til eldre, både i Norge og i andre europeiske land. Les meir om prosjektet [her](#)

Kartlegge og synleggjere den internasjonale dimensjonen i studieprogramma og sjå til at studentar får internasjonaliseringserfaring heime og/eller ute både på bachelor og masternivå.

Internasjonaliseringsmeldinga som vart lagt fram for styret i november 2018 syner at FHS er det fakultetet ved HVL som har sendt flest studentar på utveksling mellom 2013 og 2018. Desse har internasjonaliseringserfaring heime og/eller ute både på bachelor og masternivå. studentane er i hovudsak bachelorstudentar på opphald over tre månadar. Svært få masterstudentar ved fakultetet har reist på utveksling i same periode.

Når det gjelder studentmobilitet inn har vi ikkje gode tal å sjå til. Her har vi forbedringspotensiale. Vi har laga oss ein oversikt over alle internasjonale avtalar og som del av å vurdere kva avtalar vi skal satse på kartlegg vi no samanhengen mellom eksisterande avtalar og forskningssamarbeid.

| Studentmobilitet FHS | 2018 |
|-----------------------------|-------------|
| Innreisande | 65 |
| Utreisande | 135 |
| Totalt | 205 |

Porteføljen ved FHS består i dag av 105 internasjonale avtalar fordelt på 33 land. Alle studieprogram har ordningar for internasjonalisering heime. I arbeidet med utvikling- og samkjøring av bachelor og masterutdanningane er internasjonalisering både ute og heime i fokus. Det er utarbeidd gode oversiktar og rapportar knytt til internasjonaliseringsarbeid ved bachelorutdanningane. Dette skal vi også fylgje opp på masternivå, når dette utviklingsarbeidet kjem meir i gang.

Halde fram i arbeidet med å utvikle emne på engelsk

Fakultet har utvikla ein internasjonal nettbasert master, Master in Healthy Aging and Rehabilitation og satsar på opptak her frå 2020. Utvikling av nettbasert undervisningsopplegg på engelsk er under arbeid på instituttet.

Fakultet har ikkje hatt fokus på utvikling av nye engelske emne knytt til eksisterande studieportefølgje i og med samkjøring og utvikling.



HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

I årsplanen for 2018 har FHS hatt fokus på følgjande prioriteringar og tiltak

Utvikle og sette i gang eit prosjekt for samkøyring av bachelor-, master og vidareutdanningar

Prosjektet for utvikling av retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane (RETHOS) er blitt forsinka. Ut i frå dette vart prosjektperioden til utviklings- og samkøyring av barnevern, sosialt arbeid og vernepleie (BSV- pilot) forlenga med eit år. Fakultet får såleis ei samla utvikling og samkøyring av alle 7 bachelorutdanningane med verknad frå haust 2020. Trass i forseinkingane frå RETHOS er utviklings- og samkøyringsarbeidet i god rute ved BSV-utdanningane ved bachelor i sjukepleie og ved bachelor i radiografi, ergoterapi og fysioterapi.

FHS reviderte hausten 2018 prosessplanen for arbeidet til master- og vidareutdanningar ved fakultetet. Vi har no i gang eit instituttvis kritisk blikk på eiga studieportefølje. Her vil fag- og forskingsmiljø knytt til utdanningane ein tilbyr og utviklings- og samkøyringsmuligheitane og vurdering opp mot samfunnsbehovet stå sentralt. Frå 10.mai 2019 føl vi opp arbeidet med ei FHS arbeidsgruppe for samla vurdering av FHS si studieportefølje for master- og vidareutdanningar. Mandat og tidsplan for FHS sitt arbeid er basert på institusjonen sitt arbeid med strategisk styring av studieporteføljen.

Les meir om prosjekta her:

<https://www.hvl.no/Vestibylene/organisasjonen/fakultet/fhs/utvikling-og-samkoyring-av-utdanningane/>

Gjennomføre høyring og oppfølging av RETHOS prosjektet

Vi leverte ei samla høyringsuttale frå bachelorutdanningane ved FHS og bioingeniørutdanninga. Instituttleiarane koordinerte høyringsarbeidet ved sine institutt

Kartlegge basiskompetanse og behov for opplæring for fag og administrativt tilsette

Dette har ikkje blitt prioritert på grunn av forsinkelsar i innsplasseringsprosjektet

Inkludere bruk av biblioteket som læringsarena i alle studieprogram

Vi veit at mange studieprogram har inkludert biblioteket sin kompetanse og som læringsarena. Vi har imidlertid ikkje gjort ei samla vurdering av kor godt biblioteket vert nytta som læringsarena i alle studieprogram. Vi vil ta tak i dette i 2019 og inkludere dette i utviklings- og samkøyringsprosjekta.

Sjå til at alle studieprogram vidareutviklar bruk av øvingsavdelingar / bruk av SimArena i utdanning og i tverrfagleg samarbeid

Ved IHO har det vert arbeidd aktivt med dette i samkøyringsprosjekta på bachelor og masternivå. Det er stort fokus på bruk av ferdigheitstrening/simulering.

Ved IHF er SimArena aktivt i bruk for alle bachelorutdanningar og master i klinisk fysioterapi. Det er også undervisningsopplegg med tverrfagleg samarbeid. Tverrfagleg samarbeid er eit område vi bør halde oppe og intensivere

Ved IVD nyttar vernepleieutdanningane desse fasilitetane.



Implementere CANVAS og utarbeide oversikt over ressurspersonar på e-læring i fakultetet og kartlegge behovet for administrativ tilrettelegging på området

Canvas blei innført i januar 2018 med utvalde pilotprosjekt i vårsemesteret. Tilsette blei tidleg førebudd på behovet for å flytte gamle emne og innhald frå Itslearning og Fronter og klargjere overføring til Canvas. Tilsette blei informert om at Itslearning og fronter ble stengt 1. august og om viktigheten av å hente ut innhald før denne dato. Dette ser vi har fungert da det har vært lite førespurnader om dette.

Den sentrale Canvasgruppa avgjorde å ikkje aktiv tilby opplæring mot tilsette, dette var noe dei skulle bestille. Dette harmonerte ikkje med behova som blei meldt og som vi så på campus Bergen. Vi gjekk til alle fagmiljøa og tilbydde innføringskurs og oppfølging workshops i bruk av funksjonalitet og korleis bygge emne i Canvas. Den sentrale Canvas gruppa hadde ikkje definert emnemalar for utdanning og derfor blei det laga slike for fakultetet i forbindelse med workshops.

Superbrukarar for Canvas blei ikkje aktivisert før nærmare sommaren, da kompetanse og funksjon ikkje var klar før dette. På FHS ble det initiert faste møter med superbrukarar på tvers av campus for felles erfaringsutveksling i innføring, og for å kartlegge behov for vidare opplæring både av superbrukarar og fagtilsette.

Utover hausten 2018 blei det i samarbeid med FIN og FLKI tilbod om daglege drop in timar for alle tilsette. Tilbodet blei i liten **grad** nytta. Berre ein handfull tilsette møtte. Parallelt blei det oppretta Canvas support telefon med vaktordning på tvers av campus. Denne blei mye brukt og vi kunne da avdekke at alt for mange ikkje hadde nytta seg av opplæringstilbod som var gitt.

På FHS har nokon fagmiljø vært proaktive, samarbeida godt internt og investert tid til å lære seg Canvas. Men det er framleis forbettringspotensile hos ein del av fagmiljøa. Hausten 2018 er det stipulert kring 2 heile årverk til support og oppfølging av Canvas. Seint på hausten i 2018 blei det sendt ut eit tilbod til alle fagseksjonane om en runde to i canvas opplæring. Det er framleis ein del som ikkje har takka ja til dette tilbodet. Det er framleis stort behov for å auke den generelle Canvas-kompetansen og fagmiljøa treng å bruke tid på å bygge malar og etablere felles praksis for korleis bruke Canvas.

Fakultetet har følgande ressurspersoner for Canvas:

- Johan Bruland – administrator (Bergen)

- Ivar Rosenberg – administrator (Bergen)
- Ragnhild Alice Steinsland – superbruker (Stord)
- Espen Strømmen Ask – superbruker (Førde, i permisjon)
- Ingrid Hovden Stava – superbruker (Haugesund)
- Tina Veronica Bjørk – superbruker (Sogndal)
- Marianne Kambe – superbruker (Haugesund)

Det manglar pt. ein støttefunksjon i Førde.

Prioritere annonsering og marknadsføring av masterutdanningane

Utdanningane ved fakultet har fylt opp studieplassane og hadde jamt over godt oppmøte hausten 2018. Rekruttering er uansett noko vi har kontinuerleg fokus på og vi føl opp den nye rekrutteringsstrategien til HVL, som her kjem med målretta rekrutteringstiltak i forhold til både studietilbod og campus. FHS har i 2019 vald å ha eit særleg fokus på å rekruttere menn til våre utdanningar. Dette er meldt vidare til rekrutteringsansvarlege. Vi har også meldt ynskje om meir fokus på ergoterapi som fag og kva ein kan bruke utdanninga til. Marknadsføring av masterutdanningane er følgd opp i dialog med dei aktuelle fagseksjonsleiarane.

Iverksetjing av særskilte tiltak knytt til gjennomstrøyming

FHS fekk tildelt 750 000 kr frå styret for å utvikle eit godt studiestart- og førstesemesterprogram for 2018 og slik sikre god gjennomstrøyming. FHS fordelte midlane til dei tre institutta etter ein fordelingsnøkkel på studenttal. Instituttleiar rapporterer på bruk av midlane til prodekan utdanning innan 1. februar 2019. Erfaringar og vidareføring av tiltak vil bli drøfta i møte i studieprogramråda, utdanningsutval og i leiargruppa våren 2019. Eit anna tiltak for å jobbe med utdanningskvalitet og slik også auka gjennomstrøyming er utdanningsseminaret vi arrangert 7.november. Alle tilsette vart invitert til å dele eksempel frå sin undervisningspraksis og det vart lagt opp til dialog undervegs i seminaret. Tema som stod på dagsorden var mellom anna e-læring, TPS, ferdigheitstrening og simulering, fokus på relevans i utdanning og deling av ulike pedagogiske metodar til inspirasjon for kollegaer.



Resultat på nasjonale styringsparameter

| Nasjonale styringsparameter | 2018 | |
|--|--------------|---|
| | HVL | FHS |
| Andel bachelorkandidater som gjennomfører på normert tid | 58,1 | Ikkje muleg å talfeste på fakultetsnivå pt. |
| Andelen mastergradskandidater som gjennomfører på normert tid | 65,1 | Ikkje muleg å talfeste på fakultetsnivå pt. |
| Skår på hvordan studentene oppfatter studiekvaliteten | 4,0 | 4,1 |
| Faglig tidsbruk (timer) per uke blant heltidsstudenter | 32,8 | 36,7 |
| Antall publikasjonspoeng per faglig årsverk | Kjem i april | Kjem i april |
| Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk | - | - |
| Andel utreisende utvekslingsstudenter på Erasmus+ av totalt antall studenter | 0,64 | 0,93 |
| Andel mastergradskandidater sysselsatt i relevant arbeid et halvt år etter fullført utdanning (NIFU) | - | - |
| Bidragsinntekter fra Forskningsrådet per faglig årsverk | 42,1 | Ikkje muleg å talfeste på fakultetsnivå pt. |
| Andre bidrags- og oppdragsinntekter per faglig årsverk | 94 | Ikkje muleg å talfeste på fakultetsnivå pt. |
| Andel forskningsinnsats i MNT-fag | - | - |
| Antall studiepoeng per faglig årsverk | 428,7 | 619 |
| Andel midlertidig ansatte i undervisnings- og forskerstillinger | 13,2 | 15,1 |
| Andel kvinner i dosent- og professorstillinger | 41 | 60 |

| Kandidatmåltal helsefagutdanningar KD | 2018 | |
|---------------------------------------|------------|------------|
| | Måltall KD | Resultat |
| ABIOK | 60 | 61 |
| Ergoterapi | 30 | 30 |
| Fysioterapi | 68 | 65 |
| Jordmor | 35 | 30 |
| Radiograf | 25 | 35 |
| Sjukepleie | 435 | 455 |
| Vernepleie | 86 | 100 |

Utvalde² måleparameter frå utviklingsavtala

| Måleparameter i utviklingsavtala med KD | 2018 | |
|--|-----------|-----------|
| | HVL | FHS |
| Talet på førstekompetente, professorar og dosentar | 53,2/12,5 | 45,4/10,8 |
| Talet på internasjonale professor II-stillingar | 20 | 5 |
| Talet på offentleg-ph.d. og nærings-ph.d. i doktorgradsprogramma | 1 | 0 |
| Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar ³ | 45 % | 65 % |

² Gjeld dei som er muleg å talfeste per dags dato

³ Del skriftlege digitale eksamenar